



For 120 år sidan vart ungdomslaget i uskedalen starta og Bertel P. Myklebust var formann i dei første to åra. Her blir han presentert av avgåande leiar i laget Thomas F. Eide og avgåande leiar i husastyret Audun Eik .. Bertel var forresten ein utruleg allsidig mann: Han var bonde, underoffiser, handelsmann, likningssekretær og forretningsfører for sjukekassa! (Foto: Ola Matti Mathisen).

Thomas F. Eide har takka for seg etter to år som leiar i Uskedal Ungdomslag og Svein Arild Kjærland har teke over. Laget har no gått inn i eit jubileumsår ettersom det vart stifta for 120 år sidan og jubileet skal markerast på eit eller anna vis til hausten. .

I årsmeldinga som vart lagt fram under årsmøtet i Helgheim søndag kveld vart 2007 summert opp med at året vil bli hugsa som eit flott, men også hektisk år for lokalet og laget. Helgheim har fått eit stort løft som trengtes.
- Huset har fått eit nytt ansikt. Ein stor takk til Audun og dugnadsgjengen, heitte det i årsmeldinga.
Audun Eik og hans 26 (!) medhjelparar vart sterkt berømma for innsatsen av møtedeltakarane og han fekk ein gåvesjekk som synleg takk. Audun har leia husastyret der også Bjørgulv Eik har vore medlem, men no har han takka for seg i vervet.

Årsmeldinga for husastyret konkluderte med at det er lagt ned eit stort dugnadsarbeid, faktisk 300 timar i tillegg til planlegging og konsulenthjelp.
Heile huset er no vaska, skrapa og måla med Magne Eik som rådgjevar. Nye vindauger er montert i hovudetasjen og på galleriet og det er lista ute og inne. Det er og lagt nye plater og nytt golvbelegg i inngangspartiet.
Hovudinntaket til det elektriske anlegget er bytta ut og det er montert automatsikringar i sikringsskap og deler av ledningar.
I år skal salen pussast opp og slipinga av golvet er i gang. Det skal deretter lakkast. Scenekanten må pussast og målalt –og det stoppar ikkje med det.

- Når det gjeld aktivitet i laget har det vore rolig, mykje grunna reparasjonen av Helgheim, heiter det i årsmeldinga. Det har mellom anna vore to barnediskotek og det var også i fjor kaffesalg under museumsdagen på Rødtunet i august. Men heller ikkje i år fekk dei til juletefest og 17.mai-fest og heller ikkje basar. – Den må vi få til i år, skriv styret.
Resten av styret held fram og der sit kasserar Lovise Sunde og styremedlemmene Rigmor Rasmussen, Morten Eik og Magni Tråvik. Lovise fekk blommar av leiaren for god innsats. Under årsmøtet vart det igjen peika på at det er viktig å få fleire unge med i ungdomslagsarbeidet.
I Fjelly-styret sit Tor Jarle Kjærland, Audun Eik, Kjellrun Eik og Magne Grindheim.
Bingoer er det Karin Tungesvik og Anne Karin Myhre som tek seg av på vegne av ungdomslaget.

Uskedal Ungdomslag er altså 120 år og det blir opp til styret å planleggja ei markering, truleg utpå haustparten. Eit alternativ er å laga ein form for revy med historiske innslag og då med veteranar som ressurspersonar for

tekstforfattarane. Det vart under årsmøtet peika på at fleire uskedelingar er flinke revyskodespelarar og mellom anna markerer seg i kommunerevyen.

Av Ola Matti Mathisen